

Avtalevilkår for Tindekraft Hytte

Generelt

Avtalen er mellom deg som kunde (kunden, du) og Tussa 24 AS (T24, vi), FNR 983450326 som kraftleverandør.

For denne avtalen gjeld [Standard kraftleveringsavtale](#) av 01.01.2017, utarbeida av Forbrukarombodet og bransjeorganisasjonen Energi Norge. I tillegg gjeld følgjande avtalevilkår:

Produkt

Tindekraft Hytte er ein tilleggssavtale for hytter og fritidsbustader for kundar som har ein annan Tindekraftavtale med T24 på bustaden sin. Kraftprisen følgjer marknadsprisane (spotprisane) på kraftbørsen Nord Pool i det området der krafta vert levert.

Kunden betalar spot innkjøpspris med eit påslag per kWh som dekkjer kostnader for lovpålagte Elsertifikat, og i tillegg eit fastbeløp pr. dag. Spotprisen er ein vegd gjennomsnittspris time for time. For standmålte anlegg vert forbruket timefordelt og avrekna i tråd med netteigar sin justerte innmatingsprofil (JIP). Den viser forbruksmønsteret i kundegruppa. Der T24 ikkje har netteigaren sin JIP, vert JIP for Mørenett AS nytta.

Tindekraft Hytte er eit E-kundeprodukt. Det tyder at:

- All kommunikasjon vert gitt via e-post eller SMS
- Du mottok faktura elektronisk, gjerne i kombinasjon med AvtaleGiro
- Du har ansvar for at «Di side» til ei kvar tid er oppdatert med rett e-postadresse og mobiltelefonnummer

Dersom du ikkje har fylgt opp vilkåra for å vere E-kunde innan andre faktureringsperiode eller seinare bryt vilkåra kan du bli overført til avtalen Tindekraft Spot.

Avtalen har ikkje bindingstid, og kan seiast opp av begge partar med 14 dagars varsel.

Bestilling

Ved bestilling gir du oss fullmakt til:

- Å setje i verk og melde inn leverandørbyte til nettselskapet
- Å hente inn nødvendige opplysningar frå netteigar for å gjennomføre leverandørbyte.
- Å melde ut- og innflytting til nettselskapet ved flytting

Vi må ha ein målarstand som ikkje er eldre enn 20 dagar for å kunne starte straumleveransen.

Kundeinformasjon og kommunikasjon

Du vil få tilgang til «Di side» på www.tussa.no, der du finn all informasjon om avtalen og produktet ditt. Vi har lagt til rette for at det meste av kundekommunikasjonen kan gjerast digitalt. Det føreset at du som kunde oppdaterer oss med til ei kvar tid gjeldande e-postadresse og mobiltelefonnummer. Dette gjer du lettast på «Di side». Alle personopplysningar vil bli handsama konfidensielt.

Varsling om pris- og avtaleendringar skjer som hovudregel via e-post eller sms, eventuelt i informasjonsfelt på faktura. Du vil og kunne få nyheitsbrev og anna informasjon om aktuelle nyheiter og tilbud frå T24 og våre samarbeidspartar på digitale media, som e-post, sms og liknande. På «Di side» kan du til ei kvar tid avbestille nyheitsbrev våre og endre andre varsel dersom du ønskjer det.

Levering

Avtalen gjeld frå dato for avtaleinngåing. Ved byte av leverandør vil det ta frå 1 til 3 veker før vi kan starte leveransen. Ved flytting følgjer avtalen deg til ny adresse. Avtalen gir T24 fullmakt til å hente inn informasjon frå netteigaren og registrere T24 som leverandør på den nye adressa di.

Vi kredittvurderer alle kundar og kan avslå/avslutte ein leveranse eller krevje garanti/forsikringsbetaling dersom det ligg føre sakleg grunn til det.

Angrerett

Privatkundar har angrerett i 14 dagar, jf. § 1-4 i Standard kraftleveringsavtale og Angrerettlova. Leveransen av kraft kan ta til før angrefristen er ute. Nyttar du deg av angreretten må du melde frå til oss skriftleg innan angrefristen. Du må likevel betale for kraft som er levert av Tussa-24 fram til leveransen tidlegast kan bli avslutta. Du er sjølv ansvarleg for å inngå ny kraftavtale med ein eventuell annan leverandør.

Betaling

Avtalen omfattar kunden sitt forbruk av elektrisk kraft. Nettleige til det lokale nettselskapet ditt kjem i tillegg.

Alle prisar frå T24 vert gitt inklusiv meirverdiavgift.

For kundar som ikkje opprettar avtale om elektronisk faktura, vil det bli lagt til eit gebyr for produksjon og utsending av papirfaktura. Oppdaterte prisar finn du på www.tussa.no.

Prisendring

T24 kan gjere endringar i påslag og fastledd som følgje av endringar i marknadstilhøva eller endringar i konsumprisindeksen. Det omfattar også prisjusteringar grunna auka kostnader knytt til oppdekking av elsertifikat, jf. www.nve.no/elsertifikat. Prisendringar blir varsla direkte til deg på e-post, sms eller annan eigna måte.

Endring av avtalevilkår

Desse avtalevilkåra er gjeldande frå 01.06.2017. Avtalevilkåra kan endrast med 14. dagars varsel. Oppdatert avtale finn du på www.tussa.no. Varsling om endring vert gitt direkte til deg på e-post, sms eller annan eigna måte.